

Uskedelingen, professor dr. juris Jørn Øyrehagen Sunde har i alle år vore sterkt knytt til Baroniet og laurdag ettermiddag held han foredrag i den såkalla Rosendalsskulen.

Foredraget har tittelen "Min hierte Allerkiereste – ekteskapets økonomiske og politiske funksjon i det tidlig moderne Norge". Det er ekteskapet mellom Karen Mowat og Ludvig Rosenkrantz (1658/1675) han tek for seg.

Han skal halda eit nytt foredrag til på Baroniet i år – laurdag 6. september - og det vil handla om "Mowattane på Shetland".

Øyrehagen Sunde (født 1972) vart rådgjevar i historiske spørsmål ved Baroniet i 2002 og han har også halde fleire historiske seminar der.